
Saksnr: 2021/47615-1
Saksbehandlar: Vigdis Robak Bjørgo

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		26.10.2021

Utvikling av busstilbudet i Bergen sentrum

Forslag til vedtak

Hovudutval for samferdsel og mobilitet støttar vurderingane kring moglege løysingar for å betre tilgangen til kollektivtilbodet i områder med låg kollektivdekning i Bergen sentrum.

I sentrumsområde med stort marknadspotensiale, og moglegheit for å køyre buss med høg frekvens og kapasitet, bør tilbodet styrkast. Tiltak bør i hovudsak gjennomførast innanfor eksisterande linjenett. Aktuelt tiltak er forlenging av busslinjer for å gi betre kollektivdekning for området Nordnes/Nøstet. Iverksetting bør skje i løpet av 2022, innanfor ei årleg kostnadsramme på inntil 3 MNOK finansiert med belønningmidlar.

I sentrumsområde med lågt marknadsgrunnlag, og der det ikkje ligg til rette for å køyre frekvente og kapasitetssterke busslinjer, kan bestillingsbaserte tilbod vere ei løysing. Aktuelt område for denne type tiltak vil vere Nygårdshøyden/Møhlenpris. Utvikling av bestillingsbaserte løysingar inneber behov for ressursar og tid til utvikling, og vil eventuelt kunne skje på noko lenger sikt.

I arbeidet med konkretisering av tiltak skal dette skje i dialog med Bergen kommune.

Samandrag

Bakgrunn for saka er tidlegare politiske vedtak knytt til servicelinja og busstilbudet i Bergen sentrum, om å arbeide med alternativ til servicelinja. Fleksibelt kollektivtilbod er særskilt trekt fram.

Med bakgrunn i dagens tilbod og marknadssituasjon er det vurdert ulike løysingar ut frå to innfallsvinklar; løysingar innanfor eksisterande linjenett og fleksibel bestillingsbaserte transportløysingar.

Nygårdshøyden og Nordnes/Nøstet er begge to område med relativt dårleg tilgjenge til dagens kollektivtilbod. Nordnes/Nøstet har høg bustadtetleik og fleire større arbeidsplassar, som gir grunnlag for å styrke kollektivtilbodet. Avdelingsdirektøren tilrår å gjere tiltak innanfor eksisterande linjenett som styrkar kollektivtilbodet for dette området. For Nygårdshøyden er marknadsgrunnlaget og dei fysiske forholda annleis. Her vil det vere aktuelt å vurdere eit fleksibelt bestillingsbasert tilbod.

Vidare konkretisering av tiltak vil bli gjennomført i dialog med Bergen kommune.

avdelingsdirektør mobilitet og kollektiv

direktør Skyss

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samband med budsjetthandsaminga for budsjett 2020 vedtok fylkestinget desember 2019 vidareføring av servicelinja i 2020, samt å sjå på potensiale for eit breiare tilbod retta mot fleire reisande i Bergen sentrum - særleg for områda Nygårdshøyden og Nordnes, jf. verbalpunkt:

- *Fleirtalspartia vil oppretthalde servicelinja i Bergen, og har lagt inn igjen 1,2 mill til å vidareføre denne i 2020. Fleirtalspartia er likevel samde om at potensialet for servicelinja ikkje fullt ut er nytta og vil at ein i 2020 inviterer Bergen kommune til ein idedugnad/workshop med mål om å komme fram til eit betre tilbod for dei som i dag nyttar servicelinja. Ein kan sjå for seg at servicelinja i Bergen sentrum vert vidareført som eit breiare tilbod retta mot fleire reisande. Det er i dag eit relativt dårleg busstilbod i sentrumskjernen i Bergen, spesielt i område Nordnes og Høyden. Eit forslag er å gjere servicelinja om til ein ringbuss slik at ein kan nå fleire ordinære busspassasjerar og slik få fleire reisande. Ein slik ringbuss kan også sjå til konseptet «travel like the locals», der ein med det ordinære offentlege busstilbodet rettar seg mot turistar. Dagens servicelinje i Bergen sentrum går i dag forbi ei rekke sentrale og attraktive turistmål. «Travel like the locals» har vist seg å vere ein suksess i det nye berekraftige reiselivet, og det å tilby det offentlege busstilbodet til turistar i Bergen kan vere ein vinn-vinn situasjon. Ein opprettheld servicelinja, ein får fleire reisande, fleire inntekter og betre busstilbod i sentrumskjerna. For servicelinja i bydelane i Bergen bør ein sjå til konseptet «Hent meg» som kjem frå Sauda, og som vert prøvd ut i Odda.*

Verbalpunktet, siste setning, er følgd opp i fylkesutvalsak PS-102/2020 «Utprøving av fleksibelt kollektivtilbod for eldre», med vedtak om at

«...det blir teke initiativ til eit samarbeidsprosjekt med Bergen kommune, som har til formål å iverksette utprøving av eit fleksibelt kollektivtilbod for eldre i tråd med tilrådingane i saka».

Dette vedtakspunktet er bakgrunn for oppstart av pilot for fleksibel transport på Tertnes. Fylkesutvalet la til eit vedtakspunkt 2, som følgjer vidare opp verbalpunktet frå fylkestinget i 2019:

Det er behov for å erstatte dagens servicelinje i sentrum med eit betre tilbod til eldre og andre som ikkje har høve til å sykle og gå innafor sentrumskjernen. Ein vil derfor jobbe vidare med eit anna alternativ, til dømes eit ringbussalternativ for Bergen sentrum.

Betre busstilbod i Bergen sentrum

Med bakgrunn i dei politiske vedtaka er det gjort ei vurdering av dagens kollektivtilbod i Bergen sentrum og marknadsvurderingar med omsyn til område med låg kollektivdekning - her kort oppsummert:

- Dagens kollektivsystem er i stor grad bygd opp kring tilgangen til Bergen sentrum, med linjer som dekkjer hovudkorridorane inn mot sentrumskjerna.
- Linjer som dekker andre delar av sentrum og sentrumsnære område er linje 11 Nordnes-Starefossen, linje 13 Festplassen-Solheimsviken-Møhlenpris-Festplassen, Linje 10 Wergeland/Søndre Skogvei-Mulen, linje 18 Barlia-Formannsvei og servicelinja i sentrum.
- Tilgangen til kollektivtilbodet i sentrum er varierende, men der nokre område peikar seg særleg ut med svak tilgang. Bergen kommune har i sin gåstrategi ei kartlegging av tilgjenge til kollektivtilbodet, der nærleik til haldeplass er vekta med frekvens og rutetilbod. Kartlegginga syner at

- Nordnes har særleg svak tilgang til kollektiv, og med relativ lang avstand til sentrum. Busetnad og arbeidsplasskonsentrasjon i dette området gir klart grunnlag for ei styrking av tilbodet.
- Møhlenpris har god tilgang til tunge stopp i hovudkorridorane vest og sør (Møhlenpris og Florida).
- Området Dokken/Nøstet er ikkje utgreia, grunna at kommunedelplan for kollektivsystem i Bergen vest og plan for framtidig utbygging av Dokken p.t. ikkje er ferdigstilla.

Med bakgrunn i Bergen kommune sine analysar og nye marknads- og tilbods vurderingar er ulike løysingar vurdert for områda Nygårdshøyden og Nordnes/Nøstet. Alternative løysingar er vurdert ut frå følgjande to innfallsvinklar;

- Potensiale for løysingar innanfor eksisterande linjenett og rutegåande transport
- Potensiale for fleksibel bestillingsbasert transport

Løysingar innanfor eksisterande linjenett vil i hovudsak vere å forlenge eller legge om trasé for utvalde busslinjer. Denne type løysing kan anbefalast for Nordnes/Nøstet, der marknadsgrunnlaget og -potensiale er godt for eit frekvent rutegåande tilbod. Med å ta utgangspunkt i eksisterande linjenett, gir det både auka tilgjenge for fleire og det aukar marknadsgrunnlaget i det totale linjenettet.

Tiltak innanfor eksisterande linjenett kan iverksettast relativt raskt. Fleire linjer og løysingar kan vere aktuelle for området Nordnes/Nøstet. Førebelse estimat gir ein årleg kostnad kring 3 mill. kr, avhengig av valte løysing.

Fleksibel bestillingsbasert transport kan gjere det mogleg å skreddarsy tilbodet mot enkelte målgrupper, som eldre eller turistar, og skalerast etter behov. Integrering av denne type tilbod i det ordinære tilbodet er Skyss pr i dag ikkje klar for å iverksette. Avdelingsdirektøren viser her til høyringsutkastet for RTP-Vestland med tiltak i handlingsplanen om «Innføring av fleksible bestillingsbaserte tilbod». Tiltaket inneber utvikling av konsept for bestillingsbaserte tilbod, med avklaringar av mellom anna omfang og finansiering. Pårekna kostnadar kan såleis knytast til både utvikling og drift.

Området Nygårdshøyden vil bestillingsbaserte løysingar kunne vere aktuelt å vurdere vidare, men med ein noko lenger tidshorison for mogleg iverksetting. Området har eit svakt marknadsgrunnlag samanlikna med Nordnes/Nøstet, og det er ikkje funne gode løysingar for eit rutegåande busstilbod som dekker mobilitetstilbodet på ein føremålstenleg og effektiv måte.

Vedtakskompetanse

SAMO, jf delegasjonsreglementet, pkt 3, andre kulepunkt «fordeling av statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta innanfor sitt arbeidsområde.»

Vurderingar og verknader

Økonomi:

- Tiltaka vil innebere auka driftskostnader - til styrking av busstilbodet og til utvikling av fleksible bestillingsbaserte løysingar. Belønningssmidlar kan nyttast til finansiering av styrking av tilbodet på Nordnes/Nøstet frå 2022.

Klima:

- Styrking av kollektivtilbodet i område med stort marknadspotensiale bidrar til målet om nullvekst i personbiltransporten

Folkehelse:

- Styrking av kollektivtilbodet, og fleksible transportløysingar tilpassa behov for utvalde målgrupper, gir auka mobilitet for fleire

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

- Tiltaka står opp om FN sine berekraftsmål og Utviklingsplan for Vestland, med mål om å utvikle eit godt og berekraftig kollektivtilbod

Konklusjon

Områda Nygårdshøyden/Møhlenpris og Nordnes/Nøstet peikar seg ut med relativt dårleg tilgjenge til kollektivtilbodet i Bergen. Marknadsgrunnlag og dei fysiske tilhøva for busstrafikk er derimot svært ulik.

Nordnes/Nøstet har høg bustadtettleik og fleire større arbeidsplassar, som ligg til rette for eit frekvent rutegående busstilbod med god kapasitet. Avdelingsdirektøren tilrår å arbeide vidare med å konkretisere tiltak skissert for Nordnes/Nøstet, med iverksetting i løpet av 2022. Estimert kostnadsramme er 3 MNOK, og vert finansiert med belønningmidlar.

Nygårdshøyden/Møhlenpris har eit relativt lågt kundegrunnlag, og er eit område der det ikkje er opplagde løysingar innanfor dagens linjenett eller materiell. I dette området vil det vere aktuelt å vurdere andre type mobilitetstiltak, som til dømes eit fleksibelt bestillingsbasert tilbod. Bestillingsbaserte løysingar inneber ressursar og tid til utvikling, og vil eventuelt kunne skje på noko lenger sikt.

Vidare konkretisering av tiltak vil bli gjennomført i dialog med Bergen kommune.